

Lyseparken
Merknader til varsel om oppstart
Os kommune

Planid: 1243_2004030

Saksnr: 14 / 3561

Merknader til varsel om oppstart

1 Varsel om oppstart av planarbeid

Oppsummering innkomne merknader, 24.04.2015

Ved varsel om oppstart av områderegulering og høyring av planprogram kom det inn 2 private merknader og 8 offentlege uttaler. I ettertid har det komen uttale frå VA-etaten, Os kommune, og ein tilleggsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland.

1.1 Samandrag av private merknader

Nina Fredriksen, grunneigar 18/48, Lyseklostervegen 233, dato 18.02.2015.

1. Ber om at hennar eigedom vert teken ut av planen. Eigedomens infrastruktur/tilkomst er ikkje til hinder for utvikling av Lyseparken.
2. Viser til at statlig planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging ikkje er med i planprogrammet.
3. Sykkelstrategi, sykkelveggar: berre innad i planområdet eller kopling til hovudsykkeltrase? Ein heilskaplig sykkelstrategi bør konkretiseras i planprogrammet fordi:
 - a. Sykling bør gjevast ein minst like fram tredande posisjon som bilen
 - b. Alle barn skal kunne sykle trykt og effektivt mellom grender og kommunesenter
 - c. Stor del av bilkøyninga i kommunen er for å frakte born til skule og fritidsaktivitetar
4. Målsettingar bør være:
 - a. Kommunesenteret Os må koplans saman med Lyseparken – også på sykkel
 - b. Det må være mogleg å sykle / gå frå Lyseparken til Søfteland
 - c. Eksisterande fv gjennom Åsen- Ulven må utgreiast for Gang/ sykkelveg.
 - d. 4. Hovudnett for sykkel for Bergen er koplet saman langs Osvegen – Lyseparken må koplans på denne.
5. Ein grunnidè for utviklinga av Lyseparken bør tuftast på at vatn skal utgjere en verdiskapande faktor for trivsel, helse, natur og økonomi. Det bør være en målsetning at avrenningsmønster frå myrer og vassbalansen i framtidig byplan skal være tilnærma lik dagens situasjon. Det bør utarbeides en overvannsplan for hele utbyggingsområdet før arbeidet med utbyggingsformål starter.

Kommentar

1. *Os kommune reviderer eksisterande reguleringsplan frå 2012. Os kommune arbeider innanfor rammene til eksisterande plan der denne eigedomen inngår. Naboskapet her er tillagt vekt i planen. Kommune finn det rimeleg at denne eigedomen inngår og i revidert områdeplan.*
2. *Samordna areal- og transportplanlegging ligg som fundament for Hordaland Fylkeskommune og Os kommune si utvikling. Os manglar i dag arbeidsplassar. Lyseparken er viktig tiltaket som kan rette på situasjonen og betre tilhøvet mellom framtidig busetting og tilbodet av arbeidsplassar i nye Bjørneffjorden kommune.*

3. *Os kommune reviderer sin kommuneplan. I kommuneplan for samfunnsdelen og revidert arealdel inngår sykkelsatsing for heile kommunen. Lyseparken skal bli eit miljø- og energivennleg tiltak som inngår i ein heilskapleg og omfattande gang- og sykkelstrategi. God sykkelkontakt og G/S vegar til tilstøytande bustadområde, Os sentrum og andre viktige målpunkt i heile kommunen er heilt avgjerande.*
4. *Sjå svar til punkt 3*
5. *Omsyn til auka nedbør, vatn og avrenning til vassdrag er viktig for strukturen i revidert områderegeringsplan. Blågrøne løysingar er vilkår for tilrettelegging og for utbygging av Lyseparken. Gjeldande og nye reguleringsføresegner, ei konsekvent og miljøbasert handsaming av einskild søknadar vil sikre dei omsyn som merknaden tar opp.*

Gerd og Knut Fredriksen, grunneigarar 18/28 24.02.2015

1. Ber om at deira eigedom vert teken ut av planen. Eigedomens infrastruktur/tilkomst er ikkje til hinder for utvikling av Lyseparken.

Kommentar

1. *Os kommune vidarefører plangrense frå 2012. Kommunen meiner at Lyseparken og tilgrensande bustader vert best løyst i same plan.*

1.2 Samandrag av offentlege merknader

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga 05.03.2015

1. Areal- og transport: Planprogrammet slår fast at bil ikkje skal vere dominerande for dei som skal jobbe i og bruke Lyseparken. Planen må vere tydeleg på korleis dette skal oppnåast og vere eit eiga punkt i konsekvensutgreiinga.
2. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er under arbeid. Utvikling av plan for Lyseparken bør sjå til utvikling av den regionale planen vidare.
3. Dei nasjonale planretningslinene, seier at planlegging av utbyggingsmønster og transportsystem skal omfatte alternativ-vurderingar som skildrar konsekvensar for miljø og samfunn, her og samfunnsøkonomiske verknadar.
4. Senterutvikling: Utvikling av Lyseparken må sjåast i samband med senterstrukturen i kommunen. Kommunesenteret Osøyro er utpeika som eit regionsenter og det er her dei største voluma av nye bustader og arbeidsplassar bør lokaliserast.
5. Regional plan for attraktive senter i Hordaland: Dersom bruksareal for detaljhandel i ei reguleringsplan overstig 3000 m² krevjast samtykke frå fylkeskommunen. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke. Unntak for arealkrevjande, men samtidig noko besøksintensiv handel.
6. Dei statlege planretningslinene legg og vekt på lokalisering i høve til sentrumsstruktur. 4.5. Det skal leggjast til rette for handels- virksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tenestetilbod kan lokaliserast ut frå ei regional vurdering av heilskapen som er tilpassa eksisterande og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkt.

7. Kollektive regionstamliner er under utvikling, og skal tilby effektive reiser i hovudkorridorane mellom Bergen og regionsentra Straume, Kleppstø, Knarvik og Os. Langs dei regionale kollektivlinene er det lite sannsynleg å få høg nok tettleik av busette og funksjonar til at det vil vere hensiktsmessig å spreie utbygginga ut på mange senter. For at dei regionale linene skal vere effektive er det naudsynt at ein fokuserer på fortetting i få utvalde senter.
8. Samferdsel og kollektivtransport: Ringbuss i området slik planprogrammet legg opp til er ikkje i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland. Det må leggjast til rette for gang- og sykkeltilkomst på området, med god sykkelparkering ved kollektivknutepunktet.
9. Næringsutvikling: Er mangel på næringsareal for arealkrevjande varer, medan trongen for kontorarbeidsplassar kan dekkjast ved fortetting i sentrale delar av Bergen og regionsentera. Den største del av veksten innan næring og bustadutvikling må lokaliserast til regionsenteret Osøyro.
10. Arkitektur og estetikk og Klima og energi: Ambisjonar om miljøransaking, at Lyseparken skal sertifiserast som BREEAM-community og arkitektur av høg kvalitet er positivt. Dette må sikrast i områdeplanen.
11. Kulturminne: har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.
12. Oppsummert: Utviklinga av Lyseparken må sjåast på heilskapleg og i høve til senterstruktur lokalt og regionalt (Bergensregionen). For at Lyseparken ikkje skal verte eit bilbasert område må løysingar for kollektivtransport, gange og sykkel vere styrande for arealdisponeringa internt i området.

Konklusjon

1. *Areal og transporttilhøve. Os forstår understrekinga frå Hordaland fylkeskommune om vekt av innhaldet og momenta til desse områda i samfunnsplanlegginga. Kommunen har under arbeidet med revidert kommuneplanen og områderegulering av Lyseparken klarlagt innhald og arbeidsdeling. Felles har ein forma ut tiltak som støtter opp om måla for samordna areal og transportløyisingar - i Bjørnefjordregionen og i Bergensregionen. Lyseparken ligg mellom disse regionane.*
2. *I eit regionalt og i eit kommunalt perspektiv vil gjennomføring av Lyseparken redusere utpendlinga og auke talet på arbeidsplassar i Os og nye Bjørnefjorden kommune. Områdereguleringa for Lyseparken har sett av areal til ein indre kollektivterminal. Den indre kollektivterminalen ligg i ei sone med større p-anlegg og har nye samanbindande gang- og sykkelveggar. Det er laga ein mobilitetsplan for Lysefjorden med Lyseparken der kollektiv og sykkel/ gange og vil få ein langt meir dominerase plass enn dagens biltransport. Bilkøyring i Bergensregionen står for 60% av transportløyisingane. I framtida skal individuell bilkøyring halverast for å nå klimamåla. Då må kollektivtilbodet både sentralt og lokalt endrast. Lyseparken skal bli eit miljøvennleg prosjekt med gode lokale og regionale verknadar. I planfasen er det følgd opp med ei utvida trafikkanalyse, ein ny mobilitetsplan. Trakkanalyse og mobilitetsplan er og omtalt i kapittel om konsekvensutgreiing, sjå planskildringa.*
3. *Lyseparken er eit viktig tiltak i den komande kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Innhald, føremål og aktivitetar i revidert områdereguleringsplan for*

Lyseparken er tilpassa ei ønsket utvikling av Osøyro som regionalt senter. Handel og hotell tatt ut frå Lyseparken og er flytta til Osøyro / hovuddalføret. Os kommune satsar på Osøyro. Det vert ein betre balanse mellom bustad og arbeid ved gjennomføring av Lyseparken næringsområde. Utvikling av Os sentrum og Lyseparken vil resultere i ein betre regional balanse mellom talet på busette i Os og redusert utpendling. Kommuneplanen for Os viser fleire nærliggjande bustadfelt til Lyseparken. Bustadfelt som ligg nær Lyseparken vil møte krav om ei høg utnytting. Tema arealbruk og tema trafikk / transport er utgreidd og utdjupa i KU delen av planskildringa.

4. *Os kommune arbeider offensivt med Osøyro. Styrking av kommunesenteret finn vi i ein kommunalt initiert merkevare- og utvikings-strategi frå 2011 -2012. Denne strategien legg stor vekt på foredling av kommunesenteret, der ein vil auke storleiken og attraktiviteten. Arbeidet med Osøyro vart ført vidare med ein stadanalyse i 2013/2014. Revisjon av sentrumsplan er i gang i 2015. På Osøyro er det 15 tettstadprosjekt og oppstart av ein områdereguleringsplan . Mange prosessar for sentrum går parallelt i Os kommune. Prosjekta omfattar tiltak som er på ide- og programnivå, til dømes ein internasjonal arkitektkonkurrans for indre del av sjøsida vest, EUROPAN. Fleire prosjekt er under planlegging og andre er førebudd til gjennomføring. Prosjekta skal styrke tettstaden med meir næring og kontor, detalj og spesialhandel, privat og offentleg service. I dette utviklingsarbeidet legg ein vekt på gode kvalitetar. Talet på busette i Os sentrum skal aukast. Dei mest sentrumsnære areala skal nyttast. Ein legg vekt på omsyn til miljø, høvelege bygningsformer, ei høg utnytting og ei slutført opparbeiding av alle sentrumsareal.*
5. *Krav og grenser for innpassing av detaljhandel står som tema i gjeldande føresegner for plan for Lyseparken frå 2012. Tilrettelegging og utbygging av Lyseparken vil gå over meir enn 20 år. Os kommune legg opp til at den service som kjem inn i Lyseparken skal dekkje heilt lokale behov i Lyseparken etterkvart som aktivitetane i næringsområdet veks. Os kommune meiner at ei handelanlyse ikkje er aktuelt å utgreie nå. Lokal-senter for Os nord er forslått utanfor Lyseparken. Arealkrevjande handel vart tenkt innpassa i den søre delen av Lyseparken. Det er no tatt ut av planen. Attmed nytt vegkryss til E39 forslår Os kommune ein ny kollektivterminal. Denne kollektivterminalen er tenkt lagt langs ny vegline med god kollektivdekning, E39.*
6. *Os kommune vil i revidert kommuneplan, både for samfunnsdelen og for arealdelen, definere balansen mellom funksjonar som vert på Osøyro og supplerande føremål som kan kome i Lyseparken. Plan for Lyseparken må rette seg etter dei overorda rammene og aktivitetar som vert fastsett på kommuneplannivå. Tema arealbruk i Lyseparken skal konsekvensutgreiast.*
7. *Lyseparken ligg langs E39 som utgjør ei regional stamline for kollektivtrafikken. Lokalisering av Lyseparken gir moglegheiter for gode løysingar for kollektivtransporten.*
8. *Når Os kommune etterkvart oppnår fleire arbeidsplassar i Lyseparken vil utpendlinga til Bergen bli mindre. Spørsmål om kollektivdekning internt i Os*

kommune kjem då opp. Kommunen vil gå i dialog med Fylkeskommunen og Skyss om dette punktet. Vi legg til grunn at ei redusert langpendling i regionen er eit gode, og eit konstruktivt mål. Sett frå utvikling av Os kommune bør kollektivstrategien for Hordaland nyanserast noko. Os kommune vil og i revidert arealdel og i revidert plan for Lyseparken leggje stor vekt på for gang- og sykkeltilkomst på området, med god sykkelparkering ved kollektivknutepunktet.

9. *Lyseparken vil på dei flest punkt samsvare med regionale mål. I søre del av Lyseparken vart det sett av areal for handel med for arealkrevjande varer. Vi viser til punkt 8 der Os sentrum og Lyseparken skal utviklast og med andre arbeidsplassar, handel og nærliggjande bustader. Lyseparken vert utvikla vidare i eit planlagt samspel mellom revidert arealdel i kommuneplan og revidert reguleringsplan for Osøyro og Lyseparken.*
10. *I planlegging og utvikling av Lyseparken er det lagt vekt på arkitektur, estetikk, klima og energi. Vidare miljøsatsing, at tiltak og verksemder i Lyseparken skal følgje TEK systemet forskrift etter plan & bygningslova. Det er ikkje funnet kulturminne av stor verdi i planområdet*
11. *Oppsummert: Os ser utviklinga av Lyseparken som del av kommunen sitt langsiktige arbeid for å sikre sysselsetting og busetting i kommune – som del av regionens vedtekte senterstruktur. Det ligg ei medvete og politisk vedtatt deling av funksjonar og oppgåver mellom Osøyro og Lyseparken. For at Lyseparken ikkje berre skal verte eit bilbasert område kan ein knyte til institusjonar (private og offentlege) skular og barnehage som ein mindre del av området. Tilgrensande utbyggingsområde mot Lysekloster skule med bustader, utvida skular, barnehagar, lokalsenter og tilhøyrande løysingar for kollektivtransport, gange og sykkel har vore styrande for arealdisponeringa. Bustader i regi av Os kommune er tatt ut av næringsområdet. På grunn av gjennomføringa av E39 prosjektet (med vegopning i 2022) vert det ein parallell revisjon av kommuneplanen sin arealdel og arbeid for gjennomføring (tilrettelegging) av revidert områdereguleringsplan for Lyseparken.*

Fylkesmannen i Hordaland, datert 19.02.2015

1. Ei områderegulering for Lyseparken kan vere eit fornuftig og godt tiltak for å få ei god utnytting av ressursane i området, og for å oppnå eit godt og fleksibelt styringsverktøy. SBAT (Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging):
2. Fylkesmannen meiner at det er fleire relevante tema enn det som er lista i planprogrammet som må greiast ut vidare dersom det skal opnast vurderast å opne for bustader og lokalsenter i området:
 - konsekvensar for eksisterande tettstadstruktur i Os med vekt på Osøyro med omsyn til kommunen sitt arbeid med fortetting og revitalisering av tettstaden
 - konsekvensar for eksisterande handelstruktur i kommunen- er planarbeidet i samsvar med fylkesdelplan for lokalisering av handel og service

- konsekvensar for transportarbeid (mobilitetsutgreiing med framlegg til avbøtande tiltak).
3. Klima og forureining: Effekt på klima må vurderast både for planområdet i seg sjølv og klima sett i lys av SBAT- problemstillingar.
 4. Ulven skytefelt: Det må også gjerast vurdering kva føringar utvidinga av skytefeltet har på næringsområdet, under dette eventuell buffersone, restriksjonsområde og støy.
 5. Biologisk mangfald av nasjonal verdi: Det må utarbeidast eigne planar og program som tek vare på dei viktige naturverdiane i området, under dette ei eiga risikovurdering (ROS-analyse) for å tydeleggjere utfordringar og trong for førebyggjande tiltak for å redusere risiko. Tema «Miljøovervaking» og «Supplerande naturundersøking» er vurdert i framlegget, men ikkje tilrådd vidare utgreidd. Fylkesmannen meiner at desse tema likevel må vurderast vidare, slik at ein får supplert og oppdatert tema med ny kunnskap. Grensene for naturvernområdet bør utvidast, slik at heile naturtypen rundt Hestatjønn er ein del av naturvernområdet.
 6. Naturvernområde: Det kan ikkje opnast for tiltak i naturvernområdet, heller ikkje gangveggar og utkikkspunkt, eller endring av vegetasjon. Formålsgrensa «Naturvernområde» kan ikkje reduserast i høve til reguleringsplanen, heller ikkje korridoren mellom dei to områda.

Kommentar

1. *Os kommune oppfattar Fylkesmann sin 1. merknad som ei støtte til program og opplegget for planarbeidet.*
2. *Arbeidsdelinga mellom Osøyro og Lyseparken var føresetnader i planprogrammet og har vore styrande fr planarbeidet. Os kommune legg til grunn at det skal vere ein balanse og harmoni mellom aktuelle utviklingsmål for heile Os kommune, Os sentrum, og Lyseparken. Viktig kommunalt mål for Os er å sikre areal for fleire arbeidsplassar i eigen kommune. Det vil på lengre sikt redusere utpendlinga frå Os kommune til Bergen kommune og bidra til å redusere den interne regionale arbeidstransporten.*
3. *Omsyn til endra klima er sentral tema i kommuneplan for Os og i områdereguleringsplan for Lyseparken. For forureiningsspørsmål i Lyseparken har Staten vegvesen eit særleg tilretteleggingsansvar i perioden 2015 / 2022.*
4. *Det er kontakt mellom Forsvaret og Os kommune i utvikling av Lyseparken.*
5. *Naturmangfald har fått ei fagleg brei og djup oppfølging i arbeidet med områdereguleringsplanen. Miljøovervakingssystemet som Statens vegvesen skal følgje for si tilrettelegging vert vidareført (eksisterande føresegnar frå 2012). For tema naturmangfald vert det eit samspel mellom det ansvar som Statens vegvesen har og den vidare tilrettelegginga under Os kommune / Lyseparken si leiing. Inntil vidare vil Os kommune stå ved gjeldande reguleringsføresegn for*

Hestatjørn og området er sikra i plankart , illustrasjonsplan, retningliner for bygg, landskap og blågrøne løysinga og i føresegner. Det er laga ein VA Rammeplan som legge vekt på klima miljø og reine utslepp av overflatevatn til vassdrag nedstrøms Lyseparken.

6. *Os kommune vil og i vidare prosess følgje opp dialog om innhald og utforming av reguleringsføresegner for LNF N områda i planen. Fagrepresentantar frå Fylkesmannen i Hordaland er konsultert med hjelp av naturfagleg støtte under planutviklinga. Tiltak som i samsvar med vedtatt arealfordeling mellom næring og naturvern i gjeldande plan frå 2012, t.d. sikra område kring Hestatjørn, vert del av denne dialogen.*

Forsvarsbygg, datert 27.01.2015

1. Planavgrensinga slik den ligg føre, synes ikkje å vere i konflikt med det arealet som Forsvaret har knytt sine rettar til.
2. Delar av planområdet ligg innanfor gul støysone. Jf støysona som er knytt til Ulven leir. Ber om at kommunen tek støyutfordringa med i den vidare vurderinga av planarbeidet og godtgjer dette i tråd med støyretningslinjene, jf T-1442.
3. Ber om å bli halden orientert i den vidare planprosessen.

Kommentar

1. *Tatt til etterretning*
2. *Støysone som er knytt til Ulven leir vert tatt inn og vist i planprogrammet. Støyforhold frå Ulven vert leir vert tatt inn i planarbeidet og støy frå veg og forsvarsaktivitet (bruk av skytefelt) vert utgreidd som tema.*
3. *Os kommune og Lyseparken som prosjekt vil ta ny kontakt til Forsvaret i saka.*

BIR, datert 23.02.2015

1. Etterlyser renovasjon som eige tema i planprogrammet. Viser til sak 14/3561, pkt 2 at avfallshandtering skal vera eige tema.
2. Må stillast krav om renovasjonsteknisk avfallsplan (RTP), skal vere godkjent før kommunal handsaming av søknad om tiltak. Skal innehalde returpunkt for glas/metall.
3. Avfallshandtering må visast i detaljplan (utomhus/ill.plan)
4. Krav om rekkefølgekrav for ferdigstilling av avfallsanlegg før bruksløyve.

Kommentar

1. *Tema renovasjon er tenkt inn i tema miljø og energi. Er følgt opp i føresegner til ny områdereguleringsplan. I og med at det ikkje lenger er ein stor bustaddel i Lyseparken, er det ordningar for næringsavfall som må inn. Dette næringsavfallet eig dei næringsdrivande og dei står fritt til å finne en behandlar og mottakar av dette*

avfallet. Lyseparken har innleia dialog med BIR for å finne fram til framtidsetta renovasjonsløysingar for sortering og handtering av næringsavfallet.

Os kommune, Barnetalsmann, datert 12.02.2012

1. Har ingen merknader til planprogrammet. Er teke omsyn til barn og unge sin interesser på ein god måte, ved tilrettelegging av aktivitetsarena og trafikksikring.

Kommentar:

1. Teken til orientering.

Os kommune, Eldrerådet, datert 26.01.2015

1. Ingen merknader.

Kommentar:

1. Teken til orientering.

Os kommune, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, datert 09.02.2015

1. Teken til orientering.

Statens vegvesen, Dato 20.02.2015

1. Alle reguleringsplanar som grensar inntil planområdet bør nemnast (Ny E39 Svegatjørn-Rådal, ny Fv til Søvik mfl.
2. Føringer og rammer for planarbeidet: Rammeplan for avkjørsler og byggegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016).
3. Eit godt grep at ekstern tilknytning til intern vegføring skal vurderast. Støttar at det skal lagast handlingsprogram for gang- og sykkelveg i samband med kommuneplanen.
4. Støttar løysing med opplegg for gang- og sykkelvegar både internt og ut til alle delar i kommunen med to felt for gåande og syklende.
5. Tydeleggjering av mål i pkt 5.6 om at bruk av bil ikkje skal verer dominerande for arbeidstakarar i Lyseparken.
6. Legg til grunn at tiltak knytt til fylkesveg og europaveg som er avklart i gjeldande reguleringsplanar skal vidareførast.
7. Viktig å sette av nok areal til kollektivterminal med innfartsparkering. Rett lokalisering av denne må vurderast i planen.
8. Etterlyser støy som utgreiingstema. Støy frå nye vegar må estimerast i planarbeidet og synleggjerast i planen i tråd med T-1442/2012.

Kommentar

1. Alle aktuelle nærliggjande planar/vegprosjekt er tatt inn og omtalt i planomtalen.
2. Rammeplan for avkjørsler og byggegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) vert vurdert. Der støynivået frå ny fylkesveg / riksveg eventuelt vert høgt, må ein i reguleringsplan for Lyseparken vurdere støyskjermar som nye tiltak. I den indre tilrettelegginga av Lyseparken er det lagt til grunn at regulerte næringsareal skal nyttast i samsvar med den statlege areal og transportstrategien, det vil seie ei høg utnytting av klarerte utbyggingsareal.
3. Teken til orientering.
4. Teken til orientering.

5. Det er lagt opp til høg kollektivandel for arbeidsreiser til Lyseparken.
6. Ja.
7. Os kommune og Lyseparken som prosjekt vil under planarbeid følgje opp kontakten med Statens Vegevesen for å oppnå ei god plassering av kollektivterminalen for buss/ taxi.
8. Støy er eige utgreiingstema. Støyanalyse vert utarbeidd.

1.3 Merknader som har komen inn i ettertid.

Fylkesmannen i Hordaland, datert 04.11.2016

Etter møte med Os kommune, 13.09.2016.

1. Det avgjerande grunnlaget for det spesielle omsynet til naturmangfald i Endelausmarka, var og er at den store torvlibella er totalfreda, at rikmyra er ein *sterkt trua naturtype* som husar eit særleg rikt artsmangfald.
2. Det er særleg viktig at augestikkarane i tillegg til vassområda også har landareal omkring som dei kan jakte på. Augestikkarane er territoriale. Det betyr at det vil vere viktig å ha tilstrekkeleg med areal jamt over kring vass-førekomstane.
3. Dersom planen legg opp til store og høge bygningar nær naturverneområdet, vil det kunne gje skyggeeffektar inne i leveområdet. Varmestrålane frå sola gjev livsviktig energi til augestikkarane.
4. Ein kritisk premiss for naturkvalitetane i rikmyra er vasstilførsle frå høgare område i ned-børsfeltet.
5. Forvaltingsmålet for artar og naturtypar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 må tillegkast stor vekt ved avgjerder i planprosessen.

Os kommune, Teknisk eining datert 3. 05 2017

Det følgje ein VA rammeplan til områdereguleringa. VA rammeplan skal vise prinsipp løysingar for området.

Det skal vera samanheng med overordna hovudsystem og planen skal vise dimensjonere og vise overvasshandtering og flaumvegar.

Utbygging av området må leggjast opp slik at det vert fysisk mellom K10/ E 39 prosjekta, og kommune si tekniske infrastrukturbygging.

Tilstanden på dei eksisterande vegane i området er dårleg, og det bør gjennomførast trafikkanalyse for dei eksisterande fylkesvegane.

Kommentar;

I regi av Os kommune har prosjekt Lyseparken deltatt i arbeidet med ein moderne VA rammeplan der det er i særleg grad er lagt vekt på behov for nye anlegg, omsyn til klimaendring med auka nedbør, eksisterande nedbørsfelt med nye tekniske løysingar for å sikre vassdrag, naturmiljø mot forureining og risiko for flaum og miljø- påkjenningar.

Geografisk grense for trafikkanalyse for eksisterende vegar er utvida og er vurdert på nytt.